



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Bastian Edi Hoffmann, 5557 2147

Vår dato
12.09.2014
Dykkar dato
09.07.2014

Vår referanse
2014/8922 523.3
Dykkar referanse
13/674

Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Høring - Forslag til forskrift for tilskudd for levering av husdyrgjødsel til biogassanlegg

Vi viser til høringsbrev frå Landbruks- og matdept av 09.07.2014. Fylkesmannen i Hordaland har følgjande kommentarar:

§ 1 Formål

Det er særst positivt at eit slikt tilskot blir innført. Handsaming av husdyrgjødsel i biogassanlegg vil òg kunne vere eit bidrag for å redusere forureining som har årsak i manglande gjødsellagerkapasitet. Er det føremålsteneleg om reduksjon av forureining også er ein del av føremålet med forskrifta?

§ 3 Vilkår

Rutinar om korleis føretaket skal dokumentere levering til anlegg bør vere med i rundskriv. Skal søknad leggjast ved søknaden eller anna?

§ 4 Utrekning av tilskot

- Rutinar på prøvetaking for å finne tørrstoff lyt vere med i rundskriv. Ein lyt ha ein sikker metode, som òg er praktisk gjennomførleg.
- I forskriftsteksten kunne det gjerne ha kome fram endå tydelegare at det gjeld ein sats for levering til biogassanlegg, og at tabellen under *berre* gjeld når gjødsel blir brukt i eige anlegg.
- Storleiken på satsane verkar ganske låge dersom det ikkje ligg inne føresetnad om at føretaket skal få bioresten i retur til gjødsling. Gjødselverdien dersom føretaket nyttar husdyrgjødsel sjølv er høgare enn tilskotet for levering til biogassanlegg.

§ 5 Søknad og utbetaling

Det er ønskjeleg at søknaden til tilskotet er ein del av søknad om produksjonstilskot. Med dette vil ein få enklare sakshandsamingsrutinar og «gratis marknadsføring» av ordninga.

Bioresten er ein verdifull gjødselressurs. Det bør leggjast til rette for utnytting av denne ressursen.

Med helsing

Åse Vaag
Landbruksdirektør

Bastian Edi Hoffmann
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.